



Osterøy kommune
Rådhusplassen
5282 LONEVÅG

att. Fylkesmannen i Hordaland

Dato: 27.06.2018

Vår ref: 18/00890-6

Dykkar ref:

Klage - Søknad om dispensasjon for planering av naustområde og etablering av kaifront - Hoshovde

Vi viser til dykkar brev med vedtak om dispensasjon for planering av naustområdet og etablering av kaifront, gbnr 87/1 Hoshovde, dagsett 1. juni som vi mottok 7. juni. Dette brevet er ein klage på Osterøy kommune sitt vedtak dagsett 24. mai 2018, då vedtaket er i strid med nasjonale og regionale kulturminneinteresser. Klagen er sendt innan tre veker etter at melding om vedtak er motteken.

Saka gjeld bygging av kai og ei naustrekke som ligg tvers over vågen for Hosanger kyrkje i eit verna miljø. Vedtaket i kommunen er i strid med den kulturminnefaglege fråsegna til Hordaland fylkeskommune som rådde frå vedtaket og vurderte det slik at ulempene ved å gje dispensasjon var klart større enn fordelane, då tiltaket vil få negative konsekvensar for regionale og nasjonale kulturminneverdiar.

Hosanger kyrkje og fleire andre kyrkjer i Osterøy kommune er verdifulle kulturminne og for Bjørgvin bispedømeråd som regionalt kyrkjeleg mynde er det viktig at kommunen sine planar vert følgde av kommunen sjølv, slik at ein kan vera trygg på at desse kulturminna vert forvalta på ein berekraftig måte. Kommunen har både reguleringsplanar og ein ny kommunedelplan for sjø og strandsona, og det er viktig til at desse ikkje vert uthola ved at ein gjev mange dispensasjonar

Bjørgvin bispedømeråd stiller seg bak klagen frå Hordland fylkeskommune (ref. 2015/3551-21) der det mellom anna heiter:

Tiltaket som det no vert søkt om, vil grunna si utforming og omfang påverke landskapet og det høgt verneverdige kulturmiljøet med kyrkja og prestegarden på ein svært negativ måte. For å unngå konflikt med kulturminneinteressene, må det utarbeidast ein detaljert plan for byggeområde, med fokus på at nausta skal ta omsyn til eksisterande bygningsmiljø i utforming og materiale jf. § 2.3 i gjeldande reguleringsplan.

Bjørgvin bispedømeråd klagar med dette på vedtak datert 24.05.2018, då det kan få store negative konsekvensar for nasjonale og regionale kulturminneinteresser. Vi støttar fylkeskommunen sitt krav om at det vert stilt krav om detaljert plan for byggeområdet, jf. gjeldande reguleringsføresegn § 2.3. Dersom Osterøy kommune vel å ikkje ta klagen til følgje, må ho sendast over til Fylkesmannen i Hordaland for vidare handsaming.

Med helsing

Tore Skjæveland
kyrkjefagsjef

Jens Z. Meyer
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune
Fylkesmannen i Hordaland
Osterøy kyrkjelege fellesråd

Pb 7900
Postboks 7310
Rådhusplassen

5020 BERGEN
5020 BERGEN
5282 LONEVÅG

Mottakarar:

Osterøy kommune, att. Fylkesmannen i
Hordaland

Rådhusplassen

5282 LONEVÅG